
Saknr: 2020/46484-14
Saksbehandlar: Einar Ulla

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Årsrekneskap og årsrapport frå Sogn og Fjordane fylkeskommune - Uttale frå kontrollutvalet

Forslag til uttale

1. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Sogn og Fjordane fylkeskommune sin årsrekneskap for 2019.
2. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen gjere greie for prosessar i samband med påpeikingar frå revisor i revisorbrev nr. 6-2019 i kontrollutvalsmøte 16.09.2020.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal gje sin uttale til årsrekneskapen for 2019 for Sogn og Fjordane fylkeskommune. Uttalen skal følgje saka vidare til fylkestinget via fylkesutvalet.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Einar Ulla
Seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Vedlegg 1 - Årsrekneskap 2019 - Sogn og Fjordane fylkeskommune
- 2 Vedlegg 2 - Årsrapport 2019 - Sogn og Fjordane fylkeskommune
- 3 Vedlegg 3 - Revisjonsmelding 2019 - Sogn og Fjordane fylkeskommune
- 4 Vedlegg 4 - Revisorbrev nr. 6-2019 - Sogn og Fjordane fylkeskommune
- 5 Vedlegg 5 - Uttale frå kontrollutvalet på årsrekneskap 2019 - Sogn og Fjordane fylkeskommune

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Årsrekneskapen for 2019 er revidert etter gamal kommunelov og det betyr at denne saka også i hovudsak er bygd opp på bakgrunn av gamal kommunelov.

Kontrollutvalet skal gje uttale til årsrekneskapen (vedlegg 1), jf. «Forskrift om årsrekneskap og årsberetning». Fylkesrådmannen sin årsrapport (vedlegg 2) skal følgja som sakstilfang til saka, og det skal merkast om det er vesentlege avvik mellom årsrapporten og årsrekneskapen.

Det er fylkesutvalet som innstiller overfor fylkestinget, i saka om rekneskapen. Fylkestinget skal handsama både årsrekneskap og årsrapport i same møte. Dette følgjer av kommunelova §48, jf. «Forskrift om årsregnskap og årsberetning» §10.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å gje uttale i denne saka, jf. Forskrift om årsregnskap og årsberetning § 7.

Vurderingar og verknader

Årsrekneskapen er lagt fram av fylkesrådmannen, og består av driftsrekneskap, investeringsrekneskap, balanserekneskap, økonomiske oversiktar, noteopplysningar og uttale frå leiinga om rekneskapen.

Fylkeskommunen sin revisor, SF revisjon IKS, har lagt fram revisjonsmelding (vedlegg 3), der det mellom anna står at driftsrekneskapen viser kr. 2.536.312.702 til fordeling drift og at fylkeskommunen i 2019 hadde eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 71.766.169 Det kjem ikkje fram spesielle forhold som blir omtala i revisjonsmeldinga, og den vert å sjå på som «ei rein» revisjonsmelding.

Kontrollutvalet har også motteke revisjonsbrev nr. 6 - 2019 frå SF revisjon til fylkeskommunen (vedlegg 4). Brevet inngår også som ein del av sakshandsaminga til rekneskapsaka i kontrollutvalet. Revisor omtaler i brevet sal av bustad i 2019 utan budsjettvedtak. Dette er, etter revisor si vurdering, i strid med retningslinene i kommunelova § 47 om årsbudsjettets bindende virkning pkt. 2 og 3. Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet oppmodar fylkeskommunen om å prioritere å sette fokus på dette for framtida.


Av rekneskapen for 2019 har sekretariatet merka seg at netto driftsresultat er positivt med kr. 18,3 mill. Netto resultatgrad blir på 0,54 % (sett opp mot sum driftsinntekter). Gjennomsnittleg netto resultatgrad for alle fylkeskommunane i Noreg (utanom Oslo) ligg ifølgje opplysningar frå SSB på 2,6 % i 2019. Kontrollutvalet har og merka seg at i 8 av dei siste 10 driftsåra er netto driftsresultat i Sogn og Fjordane fylkeskommune vore høgare enn gjennomsnittet av dei andre fylkeskommunane. Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein over tid bør ha netto resultatgrad på 4 % for å ha ei forsvarleg økonomisk drift. Fylkesrådmannen skriv i sin årsrapport at eit netto driftsresultat på 0,54 prosent ikkje er handlekraftig over tid, og forklarar resultatet slik:

- *Næring og kultur: fylkeskommunen har i 2019 prioritert å gje tilskot til fleire større næring- og kulturtiltak som vi har finansiert med bruk av avsette midlar tidlegare år. Dette påverka netto driftsresultat, men ikkje sluttresultatet.*
- *Forvaltning: fylkeskommunen har i 2019 nytta nær 20 mill. kr av eigne midlar til dekning av kostnader ved fylkeskommunesamanslåinga. Dette påverkar både netto driftsresultat og sluttresultat*

Begge desse momenta er ekstraordinære for 2019, og påverkar ikkje økonomien vi tek med oss inn i Vestland i 2020.

For Sogn og Fjordane fylkeskommune har netto resultatgrad vore slik dei siste 5 åra: 2015 (+ 5,4 %), 2016 (+ 6,8 %), 2017 (+ 10,5 %), 2018 (+ 5,9 %) og 2019 (+ 0,54 %), sjå graf nedanfor. Som vi ser av desse tala har fylkeskommunen eit resultat som i 2019 er monaleg lågare enn både tilrådinga frå TBU og snittet i fylkeskommunane, i motsetning til dei føregåande fire åra. Netto

driftsresultat viser kva ein har att etter at alle driftsutgifter, inklusive renter og avdrag er dekkja. Driftsresultatet påverkar i stor grad fylkeskommunen sin handlefridom og evne til å tåle svingingar i økonomien.



Riksrevisjonen la 16.02.2015 fram *Dokument 3:5 (2014 - 2015) Riksrevisjonens undersøkelse av kommunenes låneopptak og gjeldsbelastning*.

I dette dokumentet har Riksrevisjonen undersøkt sammenhengen mellom høg lånegjeld i kommunane, sum driftsinntekter og disposisjonsfond. Det vert her tilrådd at kommunane ikkje bør ha meir enn 75 % av driftsinntektene i lånegjeld. Ved å nytte Riksrevisjonen si tilnærming kjem ein fram til at Sogn og Fjordane fylkeskommune har ei lånegjeld tilsvarande 68,3 % av sum driftsinntekter, altså godt innanfor tilrådinga frå Riksrevisjonen. Det ein liten auke i høve 2018 då talet var 67,9 %. Talet har vore relativt stabilt dei seinare åra:

- 2015 70,8 %
- 2016 67,4 %
- 2017 69,5 %

Tilsvarande er disposisjonsfondet på 21,05 % av driftsinntektene. Dette er ein nedgang frå 23,71 % i 2017 og frå 27,47 % i 2018. Riksrevisjonen tilrår her minst 5 %. Totalt sett har Sogn og Fjordane fylkeskommune akseptabel lånegjeld, svakt driftsresultat for 2019 og eit disposisjonsfond som er vesentleg høgare enn tilrådinga frå Riksrevisjonen. Det vert tilrådd at kontrollutvalet i sin uttale omtalar dette.

Sekretariatet merkar seg m.a. følgjande frå fylkesrådmannen sin uttale i årsmeldinga:

Sogn og Fjordane fylkeskommune sin årsrapport for 2019 er utarbeidd frå januar til mars 2020. Rapporten er skriven av den delen av administrasjonen i Vestland fylkeskommune som tidlegare utgjorde Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Dette er gjort ved at

- *fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune, Rune Haugsdal, godkjende arbeidsplanen for årsrapporten og legg fram tilhøyrande sak til politisk godkjenning*
- *tidlegare fylkesrådmann i Sogn og Fjordane fylkeskommune, Tore Eriksen, har koordinert arbeidet med årsrapporten og har også skrive dette kapitelet*

Det vert gjort eit tilsvarande rapporteringsarbeid for tidlegare Hordaland fylkeskommune. Det same er tilfelle for 2019-rekneskapane for dei to tidlegare fylkeskommunane.

I 2019 har fylkesrådmannen lagt vekt på å leggje opp arbeidet innanfor intern- kontroll slik at det ikkje kjem i konflikt eller konkurranse med arbeidet som blir gjort inn mot samanslåinga av Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar. Fylkesrådmannen har lagt vekt på at prioriterte tiltak for Sogn og Fjordane fylkeskommune må vere mogleg å gjennomføre før 31. desember 2019.

Fylkesrådmannen har prioritert gjennomføring av samanslåinga av Hordaland og Sogn og Fjordane. Her er det gjort eit omfattande arbeid i alle ledd av organisasjonen vår. Risiko for å miste oversikt, prioritet og framdrift, og dermed ikkje klare å få opp ein funksjonell organisasjon per 1. januar 2020, har vore førande gjennom året. Etableringa av Vestland fylkeskommune involverer alle avdelingar og har gitt betydelege kapasitetsutfordringar. Fylkesrådmannen har ikkje fått meldt inn særlege risiko-område for utgreiing innanfor internkontrollsystemet frå avdelingane, men har fått tilbakemeldingar om høgt arbeidspress.

Kontrollutvalet har som oppgåve å gje uttale til fylkeskommunen sin årsrekneskap. Uttalen vert gjeve med bakgrunn i framlagd årsrekneskap, årsmelding frå administrasjonen, revisjonsmeldinga og revisjonsrapport frå revisor. Kontrollutvalet tek sjølv stilling til kva forhold som skal omtalast i uttalen. Det vil vera naturleg å ta med spesielle forhold som blir omtala i revisjonsmeldinga og eventuelle revisjonsrapportar og nummererte brev. Dessutan samanhangen mellom netto driftsresultat, langsiktig lånegjeld og ubunde disposisjonsfond. Uttalen skal sendast til fylkestinget, med kopi til fylkesutvalet.

Fylkesrådmann har lagt fram ei god årsmelding, som gjev ei god skildring av drifta av fylkeskommunen i 2019. Årsmeldinga frå administrasjonen skal utformast i tråd med Kommuneleoven § 48 nr. 5, som lyder:

«I årsberetningen skal det gis opplysninger om forhold som er viktige for å bedømme kommunens eller fylkeskommunens økonomiske stilling og resultatet av virksomheten, som ikke fremgår av årsregnskapet, samt om andre forhold av vesentlig betydning for kommunen eller fylkeskommunen. Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre betryggende kontroll og en høy etisk standard i virksomheten. Det skal redegjøres for den faktiske tilstanden når det gjelder likestilling i fylkeskommunen eller kommunen. Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt, og tiltak som planlegges iverksatt for å fremme likestilling og for å hindre forskjellsbehandling i strid med likestillings- og diskrimineringsloven, samt for å fremme formålene i likestillings- og diskrimineringsloven når det gjelder etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsettelse, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk.»

Sekretariatet har merka seg at «å sikre betryggende kontroll (internkontroll)», «etik», «likestilling» og «diskriminering» er omtala på ein god måte i årsmeldinga for 2019

Det vert tilrådd at kontrollutvalet denne gongen innarbeider følgjande i uttalen sin (vedlegg 5):

- rekneskapsmessig mindre forbruk
- netto driftsresultat
- låneopptak og ubundne disposisjonsfond
- talmateriale og uttale frå revisjonsmeldinga og revisjonsbrev 6-2019.

Konklusjon

Sekretariatet meiner at kontrollutvalet bør tilrå at fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune prioriterer å sette fokus på prosessar som kjem fram av revisorbrev nr. 6-2019 frå SF revisjon IKS. Utvalet bør vidare be fylkesrådmannen gjera greie for kva som er/vil bli gjort i høve dette, når han, etter oppfordring i sak om uttale om årsrekneskapen for Hordland fylkeskommune, kjem i kontrollutvalsmøte 16.09.2020.

Vidare bør kontrollutvalet i sin uttale peike på fylkeskommunen sitt driftsresultat som for 2019 ligg under tilrådinga frå TBU og godt under snitt for fylkeskommunar.

Kontrollutvalet sin uttale og revisjonsmeldinga er to sjølvstendige dokument, som følgjer saka vidare via fylkesutvalet til fylkestinget.